



Klar for seriestart med Sogndal.

2. påskedag er det klart for seiestart i 1.divisjon, eller OBOS-ligaen som det heiter i år. Når eit av favorittlaga Sogndal tar mot Bærum på Fosshaugane Campus, er det ein uskedeling som er medisinsk ansvarleg. Yngve Myhre har etter sesongen i fjor skifta klubb, frå Brann til Sogndal.

Myhre er utdanna fysioterapeut, og han har jobba i Brann sidan 2008. Der har han jobba i den gode utviklingsadelinga i klubben, og var ønska med vidare trass i dei økonomiske nedskjeringane som no er nødvendige i Bergensklubben.

Då han fekk tilbod om jobben som medisinsk ansvarleg i den veldrivne klubben frå Sogndal, valde han likevel å ta den utfordringa dette inneber. Arbeidet med å førebyggja skader vert sentralt, og han kjem til å arbeida tett med den fysiske trenaren. I tillegg får han eit nært samarbeid med velkjende namn som hovudtrenar Eirik Bakke og sportsleg leiar Håvard Flo.

I dette intervjuet med Sogndal TV, gjort for eit par veker sdan, gjev Myhre greie for skadesituasjonen før seriestart. [Klikk her og sjå intervjuet.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Sogndal Fotball